
Saksnr: 2020/41070-5
Saksbehandlar Hanne Marthe Espe
Dato: 28.09.2020

Til: Hovudutval kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Oppretting av friluftsråd - invitasjon til webinar 27. oktober 2020 kl 12.00-14.30

I dei gjeldane kulturplanane for Sogn og Fjordane og Hordaland og i anleggspolitikk for Vestland 2020-2024 er det eit mål om at alle kommunar i Vestland skal ha høve til å vere medlem av eit friluftsråd. Det er ei positiv utvikling (kommunane Stryn og Stad er nye medlemmar i Fjordane friluftsråd no i haust), men det er framleis 19 kommunar som ikkje tek del i denne effektive interkommunale samhandlings-modellen knytt til friluftsliv.

Dette skulle ha vore tema på dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2.-3. september i Sogndal, som måtte utsetjast pga. koronapandemien. Fleire kommunar har meldt at dei treng meir informasjon om kva det kan innebære i vere medlem av eit friluftsråd. På webinarret den 27. oktober vil fylkesordførar innleiie, Friluftsrådenes landsforbund bidreg gjennom heile dagen og dei tre friluftsråda i Vestland fylke held innlegg om si rolle i arbeidet med å tilrettelegge for gode friluftssopplevingar. Hovudmålgruppa er kommunale politikarar og tilsette.